

# Sinnes skule - 9.9.2024

Pauserommet til lærarane

Til stades: Ole Tom, Torger Åge, Renate, Almut, Jan, Lars Ingve

## Informasjonssaker (felles):

### Klassekontaktar

Almut er klassekontakt, Ingvild er vara.

### Foreldresamtalar

Vert avhalde onsdag 27.11 i år. Det blir innkalt til samtaler i skuletida, men me finn ny tid om det ikkje passar.

### Visma

Informerte om at alle føresette må sjekka at gjeldande informasjon er inne. Fråver vert meldt og meldingar blir sende i VISMA.

### Felles informasjon for skulane i Sirdal

Informerte om samleside hjå kommunen med planar, skjema og reglar.

## Bibliotek

Alle klassar er minst 1. time på biblioteket i veka. Skulen deltek i Norli sin lesekonkurransse. Elevane får innlogging. Alt av lesing (høgtlesing/lydbok+++) vert registrert. Me jobbar med at det å gå på biblioteket skal vera lystbetont. Gje gjerne beskjed til kontaktlærer om de vil ungane skal ta med heim høgtlesingsbøker.

### BTI

Informert

### Skulens heimeside

Her finn de ny vekeplan kvar fredag, samt anna relevant informasjon.

### Lena Knutsen (helsesjukepleiar) informerer

Helsesjukepleiar har open dør ein dag i veka på Sinnes. I tillegg tilbyr dei mellom anna vaksinasjon, rettleiing og eit tverrfagleg samarbeid med skulen. Lena fortel òg om lågterskeltlibud frå barnevernet, det kallast forebyggande barnevern. Føresette må gjerne stikke innom med spørsmål eller for rettleiing. De finn representant frå barnevernet på møterommet oppe på skulen kl. 10 til 11.30 følgjande datoar i haust: 19.9, 31.10 og 28.11

## Diskusjonssaker

### Bussplassar

Elevane har nå faste plasser på den store bussen. Diskusjon om skuletransport.

## Haustsamling

Forslag om felles for 1. - 4. klasse.

Forslag om torsdag 17. oktober. Ute om vêr, gymsalen om ikkje.

## Eventuelt

Leikeapparat: STERKT ynskje om å få på plass leikeapparat!

## Informasjonssaker (3. og 4. klasse):

### Timeplan

Timeplan blei gjennomgått. Hugs tilbud om lekselesing frå 14.30 til 15.15 på måndagar.

### Vekeplan

Det blei informert om lekser og mål. Hugs å spesielt følgja opp leseleksa som er sett opp fleire av dagane i veka.

### Rutinar

Elevane startar dagen med lesing. Dei får 15 minutt ekstra friminutt fordi me startar lunsj tidleg. Fast utedag på torsdag etter lunsj. Leksesjekk og gjennomgang av mål på fredagar.

### Frokost

Ei venleg påminning om viktigheita av ein solid frokost. Fleire av elevane er svaltne allereie før første friminutt. Dei får frukt rett etter første friminutt, men det er for lenge å venta for mange.

## Eventuelt

### Engelsk

3. klasse har nå 4. klasse-bok i engelsk, og det kan vera ein brå overgang for nokre elevar. Gje gjerne tilbakemeldingar om lekse er for utfordrande. Det kan vera greitt for Karine å vita.

### Påminning om lekser

Elevane skal bli minna på å ta med leksebøker heim.